

Referat frå styremøte nr. 6-2024

Dato: 20.11.24

Tid: kl. 10.00-12.25

Stad: Ålesund Airport Hotel på Valderøya og Teams

Til stades frå styret:

Fysisk til stades:

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordfører i Giske kommune)

Styremedlem Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)

Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordfører i Ålesund kommune) *til kl. 11.50*

Styremedlem Monica Molvær (varaordfører i Ålesund kommune)

Digitalt via Teams:

Nestleiar Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune) *til kl. 12.20*

Styremedlem Ann-Kathrin Storøy (ordfører i Herøy kommune)

Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordfører i Fjord kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Referent:

Vegard Austnes

Sak 45/24: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Styreleiar ønskte velkommen til møtet. Innkallinga vart godkjend.

Sak 46/24: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 5-24

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Referatet frå styremøte nr. 5-24 vart godkjend.

Sak 47/24: Rapportering på rekneskap og likviditet for Sunnmøre regionråd

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rekneskapsrapport pr. 11.11.24 viser at det står att kr 323 407 på budsjettet for 2024. Det betyr at det ligg an til eit meirforbruk i høve til årsbudsjettet. Dette kjem m.a. av større pensjonsutgifter enn budsjettet, samt avsetning til bunde fond av midlar frå Sparebanken Møre til prosjektet Sunnmøre soningssenter.

Når det gjeld selskapet sin likviditet, var det 11.11.24 kr 954 577 på driftskonto (samt kr 65 210 på OCR konto). Innbetaling av driftstilskot frå deltakarkommunane primo 2025 vil betre likviditeten.

Vedtak: Styret tek rapporteringa på rekneskap og likviditet til vitande.

Sak 48/24: Budsjett Sunnmøre regionråd 2025

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Administrasjonen sitt forslag til budsjett legg opp til grunn ei oppjustering av driftstilskotet (jf. selskapsavtalen § 4) frå kommunane med 4,1 % frå 2024 til 2025. Oppjusteringa er lik kommunal deflator (anslag generell pris- og lønssstigning) i framlegget til statsbudsjett for 2025. Forslaget gir eit driftstilskot frå kommunane til generell drift på kr. 3.845.000,-. I tillegg kjem renter på bankinnskot, stipulert til kr. 100 000,-.

Når det gjeld prosjekt 1002 Sunnmøre soningssenter er resterande prosjektmidlar frå Sparebanken Møre kr. 244.000,- sett på fond. Det er budsjettet med utgifter til møter, reiser og kjøp av konsulenttenester for å følge opp prosjektet vidare.

Styremedlem Håkon Lykkebø Strand viste til at enkelte kommunar vil stramme inn budsjettet når det kjem til handsaming i representantskapet. Neste styremøte er 11. desember, og styret vil eventuelt vurdere å gjere ei justering av budsjettforslaget før representantskapsmøtet 13. desember.

Vedtak: Styret tilrår budsjettforslaget for 2025 og legg det fram for handsaming i representantskapet.

Sak 49/24: Samarbeid for norsk maritim kompetanseberedskap

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Prosjektleiar for samarbeidskonstellasjonen Britt Giske Andersen i Maritimt Forum Nordvest orienterte om Samarbeid for norsk maritim kompetanseberedskap.

Skriv om bakgrunnen for Samarbeid for norsk maritim kompetanseberedskap og framlegg til støtteuttale frå Sunnmøre regionråd var sendt til styret før møtet.

Samarbeid for norsk maritim kompetanseberedskap består m.a. av NTNU, Fagskolen Møre og Romsdal, Borgund videregående skole, Ålesund videregående skole, Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK), Ålesund Kunnskapsark (ÅKP) og Maritimt Forum Nordvest (MFNV).

I anledning Forsvaret sin langtidsplan (LPT) har dei etablert ein samarbeidskonstellasjon for å bidra til å løyse både det sivile og det militære maritime behovet og styrke beredskapen.

Presentasjonen Andersen viste på møtet følger vedlagd.

Vedtak: Styret vedtek framlegget til støtteuttale for Samarbeid for norsk maritim kompetanseberedskap.

Sak 50/24: Orienteringssak - Revidert samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF for perioden 2025 – 2029

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Kommuneadvokat i Ålesund kommune Guri Hasund Reiten har delteke i forhandlingsutvalet ved avtalerevisjonen. Ho orienterte om revidert samarbeidsavtale via Teams. Revidert samarbeidsavtale og følgebrev var sendt ut til møtet.

Strategisk samarbeidsutval for Helsefelleskapet i Møre og Romsdal har i møte 16.10.24 vedteke å tilrå at kommunane og helseføretaket i Møre og Romsdal godkjenner forslag til ny samarbeidsavtale med verknad frå 1.1.2025.

Formålet med samarbeidsavtalen er at den skal sikre god samhandling og heilskapelege og likeverdige helse- og omsorgstenester til pasienten. Avtalen skal konkretisere oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane.

Presentasjonen Reiten viste på møtet følger vedlagd.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 51/24: Referatsak – uttalar frå Sunnmøre regionråd sidan styremøte nr. 5-2024 (20.09.24)

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Styreleiar refererte til uttalar som Sunnmøre regionråd har kome med sidan førre styremøte nr. 5-2024:

- Uttale frå Sunnmøre Regionråd vedkomande manglande tilskot til Runde Miljøsentier i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2025
- Uttale frå Sunnmøre Regionråd om E39 Volda-Furene (Voldatunnelen)
- Uttale frå Sunnmøre regionråd om konkurranseutsetting transporttenester hurtigbåt

Styreleiar refererte også frå eit møte i Ålesund fengsel 7. november 2024. Bakgrunnen for møtet var at det er sett av midlar til å utgreie et nytt fengselsbygg i Ålesund i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2025.

Vedtak: Styret tek referatsakene til vitande.

Sak 52/24: Sak om bekymringsfull utvikling i Helse Møre og Romsdal HF

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Tekst frå Nils Erik Bjørkavåg var sendt til styret som grunnlag for diskusjon i saka. Bjørkavåg er medlem av Sula kommunestyre, formannskap og Sula Høgre.

I teksten uttrykker Bjørkavåg bekymring for den økonomiske situasjonen i Helse Møre og Romsdal (HMR) HF.

Administrasjonen i Sunnmøre regionråd hadde til styremøtet, med utgangspunkt i teksten frå Bjørkavåg, skrive eit forslag til uttale i saka.

Vedtak: Styret vedtek administrasjonen sitt forslag til uttale i saka.

Sak 53/24: Orientering om prosessen med tilsetting av ny dagleg leiar for Sunnmøre regionråd

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Styreleiar viste til at søknadsfristen har gått ut (fristen var 17.11.2024) og at søkerlista er klar. Arbeidsutvalet går vidare med intervjurunde i neste veke (veke 48). Tilsetting vert handsama i styret 11. desember og i representantskapet 13. desember 2024.

Sak 54/24: Lønsjustering 2024 for administrasjonen i Sunnmøre regionråd

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Administrasjonen var ikkje til stades under handsaminga av saka.

Styret fastsette lønsjustering 2024 for administrasjonen.